



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 06.06.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 22:00

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen, H.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 26.05.2017.

Møtet starta med synfaring i samband med UDU.sak 54/2017.

Etter synfaringa orienterte arealplanleggjar Alexander Helle om det pågåande arbeidet med områdeplan for Midtmarka.

Etter orientering om områdeplan for Midtmarka drog utvalet på eiga synfaring frå kl 18:30-19:10 i samband med UDU.sak 53/2017 - reguleringsplan Fossemymyra - og UDU.sak 50/2017 - klage på avslag om fritak og dispensasjon frå plankrav i Mjåtveitmarka.

Fredrik Seliussen, H, var ugild ved handsaming av UDU.sak 50/2017. Merethe Neverdal Skarvåg møtte som vara i denne saka.

Tormod Skurtveit, AP, fekk permisjon frå møtet kl 18.30.UDU.sak 63/2017 vart handsama etter UDU.sak 64/2017.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Merete Skarsvåg	H	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	FrP
Rune Lekven Skår	SP

Desse møtte frå administrasjonen:

Sakliste

Saknr	Tittel
46/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
47/2017	Godkjenning av møtebok frå møte 25.04.2017
48/2017	Referatsaker
49/2017	Delegerte saker
50/2017	Klage over avslag på søknad om fritak og dispensasjon frå plankrav - oppretting av eigedomar for bustadoppføring, gbnr 22/52 og 22/26
51/2017	Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - 2. gongs handsaming
52/2017	Endring områderegulering Frekhaug sentrum. 2. gongs handsaming
53/2017	Reguleringsplan for Fossemyra gbnr. 24/58 m.fl. - offentlig ettersyn
54/2017	Søknad om oppstart av planarbeid, Vardane hyttefelt gnr. 54 bnr. 83
55/2017	Høyringsuttale, revidert rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser langs riks- og fylkesvegar for perioden 2017 - 2020
56/2017	Fastsetting av fellingskvote for hjort 2017
57/2017	Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2017 -budsjettpost 14700 603 3290
58/2017	Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona - Tilbygg til fritidsbustad, GBNR 9/24 Laksevika
59/2017	GBNR 27/41 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø og arealformålet landbruk, natur og friluft, fastsatt i arealdelen til kommuneplanen - Moldekleiv

- 60/2017 GBNR 38/30 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Utlegging av flytebrygge på Refskar
- 61/2017 Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for oppføring av uthus på Eikeland, gbnr 42/39
- 62/2017 Møteplan Utval for drift og utvikling - 2. halvår 2017
- 63/2017 Aktuelle saker
- 64/2017 GBNR 54/1 - Klage på dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for utfylling i sjø for etablering av tilkomst, parkering, båtopptrekk og oppføring av naust - Husebø

46/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Aase Sudmann, AP, ønskjer å få melding om synfaringar på eit tidlegare tidspunkt.

UDU - 46/2017 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

47/2017: Godkjenning av møtebok frå møte 25.04.2017

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 47/2017 VEDTAK:

Møtebok frå møte 25.04.2017 vert godkjent.

48/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 48/2017 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

49/2017: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 49/2017 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

50/2017: Klage over avslag på søknad om fritak og dispensasjon frå plankrav - oppretting av eigedomar for bustadoppføring, gbnr 22/52 og 22/26

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 08.05.2017, DS-109/2017 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følgje. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Fredrik Seliussen, H, var ugild ved handsaming av saka. Merethe Neverdal Skarsvåg møtte som vara.

Utvalet var på eiga synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til vedtak i møtet:

«På bakgrunn av opplysningane i klagen og etter synfaring i saka, finn Utval for drift og utvikling (UDU) at det er grunnlag for å ta klagen til følgje.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 19-1, gir UDU dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel om utarbeiding av reguleringsplan for gbnr 22/52-22/26 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag - DS sak 109/2017 - blir oppheva.

UDU finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at oppretting av to bustadparsellar på gbnr 22/52-22/26 som omsøkt ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på følgjande fordelar ved tiltaket:

- Tomtene ligg i utkanten av B8;
- Tiltaket er ikkje til hinder for seinare utbygging av regulert areal B8 og B9;
- Eksisterande infrastruktur kan nyttast.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden som grunngeving for vedtaket. Dispensasjonen som er gitt gjeld i samsvar med søknad journalført 24.11.2016 (arealoverføring og deling) og 16.02.2017 (dispensasjon)»

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette etter pbl. kap.20.

Saka vert oversendt til statlege og regionale mynde for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 0 røyster for, 8 i mot og fall.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.

UDU - 50/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

«På bakgrunn av opplysningane i klagen og etter synfaring i saka, finn Utval for drift og utvikling (UDU) at det er grunnlag for å ta klagen til følgje.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 19-1, gir UDU dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel om utarbeiding av reguleringsplan for gbnr 22/52-22/26 i Meland kommune. Administrasjonen sitt avslag - DS sak 109/2017 - blir oppheva.

UDU finn at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. UDU vurderer at oppretting av to bustadparsellar på gbnr 22/52-22/26 som omsøkt ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket dispensasjonen gjeld.

UDU legg etter synfaring vekt på følgjande fordelar ved tiltaket:

- Tomtene ligg i utkanten av B8;
- Tiltaket er ikkje til hinder for seinare utbygging av regulert areal B8 og B9;
- Eksisterande infrastruktur kan nyttast.

Det vert elles vist til opplysningane i søknaden som grunngeving for vedtaket. Dispensasjonen som er gitt gjeld i samsvar med søknad journalført 24.11.2016 (arealoverføring og deling) og 16.02.2017 (dispensasjon)»

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve til dette etter pbl. kap.20.

Saka vert oversendt til statlege og regionale mynde for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin.

51/2017: Reguleringsplan Øvre Holsbergstien - 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Øvre Holsbergstien, PlanID 1256 2014 0001, som vist på plankart sist datert 20.03.17 og med føresegner av revisjonsdato 20.03.17, med følgjande endra ordlyd i føresegnene:

§2.3 pkt. 2 vert endra til å lyde:

Før det kan gjevast igangsettingsløyve er det ein føresetnad at det vert etablert utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Meland kommune for gjennomføring av tekniske anlegg. Det er vidare ein føresetnad at det vert laga utbyggingsavtale med Meland kommune som gjev rett til kjøp av ein viss del av bustadane jf. § 17-3 i plan- og bygningslova.

Føresegnene påførast revisjonsdato for kommunestyrevedtaket før planvedtaket vert kunngjort.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovens § 12 – 12.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 51/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

«Meland kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Øvre Holsbergstien, PlanID 1256 2014 0001, som vist på plankart sist datert 20.03.17 og med føresegner av revisjonsdato 20.03.17, med følgjande endra ordlyd i føresegnene:

§2.3 pkt. 2 vert endra til å lyde:

Før det kan gjevast igangsettingsløyve er det ein føresetnad at det vert etablert utbyggingsavtale mellom utbygger og Meland kommune for gjennomføring av tekniske anlegg. Det er vidare ein føresetnad at det vert laga utbyggingsavtale med Meland kommune som gjev rett til kjøp av ein viss del av bustadane jf. § 17-3 i plan- og bygningslova.

Føresegnene påførast revisjonsdato for kommunestyrevedtaket før planvedtaket vert kunngjort.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovens § 12 – 12.»

52/2017: Endring områderegulering Frekhaug sentrum. 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

«Meland kommunestyre godkjenner følgjande framlegg til reguleringsendring for områdeplan for Frekhaug senter:

Plankart:

- Byggjehøgda innafor område S9 endrast til kote + 51,5
- Byggjehøgda innafor område S10 endrast til kote + 48

Reguleringsføresegner:

- Følgjande ordlyd takast inn som tillegg til § 2.5, pkt 1: For områda S7, S9 og S10 skal det ved ny utbygging innafor felte utarbeidast parkeringsanalyse som dokumenterer at parkeringsdekning er ivaretatt for dei tre senterområda.
- Følgjande ordlyd takast inn som tilleggspunkt til § 2 fellesføresegner: *§2.7 Utbyggingsavtale. Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale for gjennomføring av tiltak etter planen som får følgjer for offentleg grunn til parkering, uteopphaldsareal mv.*

Plankartet og føresegnene påførast revisjonsdato for kommunestyrevedtaket før planvedtaket vert kunngjort.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12 – 12»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 52/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

«Meland kommunestyre godkjenner følgjande framlegg til reguleringsendring for områdeplan for Frekhaug senter:

Plankart:

- Byggjehøgda innafor område S9 endrast til kote + 51,5
- Byggjehøgda innafor område S10 endrast til kote + 48

Reguleringsføresegner:

- Følgjande ordlyd takast inn som tillegg til § 2.5, pkt 1: For områda S7, S9 og S10 skal det ved ny utbygging innafor felte utarbeidast parkeringsanalyse som dokumenterer at parkeringsdekning er ivaretatt for dei tre senterområda.
- Følgjande ordlyd takast inn som tilleggspunkt til § 2 fellesføresegner:
§2.7 Utbyggingsavtale. Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale for gjennomføring av tiltak etter planen som får følgjer for offentleg grunn til parkering, uteopphaldsareal mv.

Plankartet og føresegnene påførast revisjonsdato for kommunestyrevedtaket før planvedtaket vert kunnngjort.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12 – 12»

53/2017: Reguleringsplan for Fossemymra gbnr. 24/58 m.fl. - offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Fossemymra Idrettsanlegg, gnr.24, bnr. 58 m.fl. Planid 1256 2016 0005, vist på plankart sist datert 15.05.2017, med tilhøyrande føresegner datert 23.05.2017.»

Framlegg til vedtak i møtet:

«Saka vert utsett.

UDU ber om at forslagsstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngjeving for val av løysing kjem tydeleg fram.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

framlegg frå

Framlegg til vedtak i møtet:

«Saka vert utsett.

UDU ber om at forslagsstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngeving for val av løysing kjem tydeleg fram.»

Utvalet var på eiga synfaring før vedtak vart fatta.

Usignert skriv dagsett 03.06.2017 frå naboar i Tua, motteke per e-post før møtet 06.06.2017, vart utdelt i møtet.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.

Utvalet er innstilt på ekstramøte om saka 20. juni 2017

UDU - 53/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

"Saka vert utsett.

UDU ber om at forslagsstillar utgreier tre alternative plasseringar av hallen der ein betre vurderer omsynet til naboane og estetisk utforming/plassering. UDU ber om at grunngeving for val av løysing kjem tydeleg fram.»

54/2017: Søknad om oppstart av planarbeid, Vardane hyttefelt gnr. 54 bnr. 83

Rådmannen sitt framlegg:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 ber Kommunestyret om at før eventuelt oppstart av planarbeid for Vardane hyttefelt gnr. 54 bnr. 83, vert det utarbeida ei kvalifisert analyse som dokumenterer tilfredsstillande tilkomst til vestre del av Kårbøvågen. Det må også gjerast greie for andre partar/grunneigarar/rettshavarar som har interesse i området og tilflotten, og deira synspunkt.

Spørsmålet om oppstart vert å behandla på nytt når dokumentasjonen ligg føre.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

UDU - 54/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 ber Kommunestyret om at før eventuelt oppstart av

planarbeid for Vardane hyttefelt gnr. 54 bnr. 83, vert det utarbeida ei kvalifisert analyse som dokumenterer tilfredsstillande tilkomst til vestre del av Kårbøvågen. Det må også gjerast greie for andre partar/grunneigarar/rettshavarar som har interesse i området og tilflotten, og deira synspunkt.

Spørsmålet om oppstart vert å behandla på nytt når dokumentasjonen ligg føre.»

55/2017: Høyringsuttale, revidert rammeplan for avkjørsler og byggjegranser langs riks- og fylkesvegar for perioden 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret ber Statens vegvesen vurdere endring av kategori for strekningane som er nemnd i konklusjonen. Vurderinga må gjerast i samråd med kommunen sin administrasjon slik at grunnlaget for kategoriseringa blir så rett som mogeleg. Kommunestyret har elles ingen merknader til rammeplanen for avkjørsler og byggjegranser langs riks- og fylkesvegar i Region vest for perioden 2017 – 2020.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 55/2017 VEDTAK:

-samrøystes:

«Kommunestyret ber Statens vegvesen vurdere endring av kategori for strekningane som er nemnd i konklusjonen. Vurderinga må gjerast i samråd med kommunen sin administrasjon slik at grunnlaget for kategoriseringa blir så rett som mogeleg. Kommunestyret har elles ingen merknader til rammeplanen for avkjørsler og byggjegranser langs riks- og fylkesvegar i Region vest for perioden 2017 – 2020.»

56/2017: Fastsetting av fellingskvote for hjort 2017

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2017 til 133 dyr.

Det vert tildelt 103 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på fellingane av unge dyr for å auke alderen i bestanden og sikre god rekruttering. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 56/2017 VEDTAK:

- samrøystes:

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2017 til 133 dyr.

Det vert tildelt 103 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på fellinga av unge dyr for å auke alderen i bestanden og sikre god rekruttering. Dette gjeld ikkje dei valda som har bestandsplanar godkjente av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

57/2017: Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2017 -budsjettpost 14700 603 3290

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2017. Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å lysa ut og avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2017 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område».

Retningslinene for denne tilskotsordninga vert tatt opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak i møtet - tillegg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

"Utvalet ber om at det m.a. vert vurdert tilskot til reetablering av kantvegetasjon langs elver og vassdrag for å hindre uønska avrenning."

Ved røysting vart administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tillegg sett fram i møtet, samrøystes vedteke.

UDU - 57/2017 VEDTAK:

-samrøystes:

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2017. Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å lysa ut og avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål

administrativt for 2017 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område.

Utvalet ber om at det m.a. vert vurdert tilskot til reetablering av kantvegetasjon langs elver og vassdrag for å hindre uønska avrenning."

Retningslinene for denne tilskotsordninga vert tatt opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018

58/2017: Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona - Tilbygg til fritidsbustad, GBNR 9/24 Laksevika

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå byggegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf Pbl § 1-8 for oppføring av tilbygg på 49,10 m2 BRA til fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon om tiltak journalført motteke 17.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl Kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf pbl § 21-9».

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 58/2017 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå byggegrense mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf Pbl § 1-8 for oppføring av tilbygg på 49,10 m2 BRA til fritidsbustad på gbnr 9/24 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon om tiltak journalført motteke 17.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter Pbl Kap. 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf pbl § 21-9».

59/2017: GBNR 27/41 - Søknad om dispensasjon frå byggjegrnse mot sjø og arealformålet landbruk, natur og friluft, fastsatt i arealdelen til kommuneplanen - Moldekleiv

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft i arealdelen til kommuneplanen og byggjegrense mot sjø som vist i plankartet til kommuneplanen, for riving og oppføring av fritidsbustad på gbnr. 27/41 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 13.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksugreiing og vurdering over.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 59/2017 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft i arealdelen til kommuneplanen og byggjegrense mot sjø som vist i plankartet til kommuneplanen, for riving og oppføring av fritidsbustad på gbnr. 27/41 i Meland kommune. Dispensasjon blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak journalført motteke 13.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksugreiing og vurdering over.»

60/2017: GBNR 38/30 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Utlegging av flytebrygge på Refskar

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegn 1.6.7 til KPA for utlegging av flytebryggje som omsøkt på gbnr 36/18 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak utan ansvarsrett journalført motteke 10.4.2017. For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 60/2017 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegn 1.6.7 til KPA for utlegging av flytebryggje som omsøkt på gbnr 36/18 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad om dispensasjon og tiltak utan ansvarsrett journalført motteke 10.4.2017. For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over»

61/2017: Søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for oppføring av uthus på Eikeland, gbnr 42/39

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf Pbl § 1-8 for oppføring av uthus/redskapshus på 32,8 m2 på fritidseigedommen gbnr 42/39 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad journalført motteke 7 og 8.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9».

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**UDU - 61/2017 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø vist i kommuneplanen sitt arealplankart, jf Pbl § 1-8 for oppføring av uthus/redskapshus på 32,8 m2 på fritidseigedommen gbnr 42/39 i Meland kommune. Dispensasjonen blir gitt i samsvar med søknad journalført motteke 7 og 8.3.2017.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje vert nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9».

62/2017: Møteplan Utval for drift og utvikling - 2. halvår 2017**Rådmannen sitt framlegg:**

«Møteplan for Utval for drift og utvikling 2. halvår 2017 vert som følgjer:

- Tysdag 05.09.
- Tysdag 24.10.
- Tysdag 05.12.

Møta vert haldne i formannskapssalen og startar kl 16.00.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**UDU - 62/2017 VEDTAK:**

«Møteplan for Utval for drift og utvikling 2. halvår 2017 vert som følgjer:

- Tysdag 05.09.
- Tysdag 24.10.

- Tysdag 05.12.

Møta vert haldne i formannskapssalen og startar kl 16.00.»

63/2017: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

Undertegnede var på representantskapsmøte i NGIR nylig. Daglig leder ga der uttrykk for at det er lite tilrettelagt for hjemmekompostering i boligfelt. Mange har ikke egnet areal og er redd for at en kompostbinge avgir lukt eller tiltrekker seg skadedyr. Både for sin egen del og for naboene sin del. Medlemmene i representantskapsmøte ble oppfordret til å ta denne problemstillingen opp i arbeidet med utvikling av nye boligområder. Hvordan kan UDU legge til rette for hjemmekompostering i planlegging av nye boligfelt?

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Hjemmekompostering i boligfelt framlegg frå Mabel Johansen

Undertegnede var på representantskapsmøte i NGIR nylig. Daglig leder ga der uttrykk for at det er lite tilrettelagt for hjemmekompostering i boligfelt. Mange har ikke egnet areal og er redd for at en kompostbinge avgir lukt eller tiltrekker seg skadedyr. Både for sin egen del og for naboene sin del. Medlemmene i representantskapsmøte ble oppfordret til å ta denne problemstillingen opp i arbeidet med utvikling av nye boligområder. Hvordan kan UDU legge til rette for hjemmekompostering i planlegging av nye boligfelt?

UDU - 63/2017 VEDTAK:

Følgjande tema vart diskutert:

Orientering frå administrasjonen: Det er fint om innbyggjarane blir bedt om å ta kontakt med administrasjonen direkte i staden for å vente til eit UDU-møte, då får ein raskare svar.

Mabel Johansen, H:

- *Undertegnede var på representantskapsmøte i NGIR nylig. Daglig leder ga der uttrykk for at det er lite tilrettelagt for hjemmekompostering i boligfelt. Mange har ikke egnet areal og er redd for at en kompostbinge avgir lukt eller tiltrekker seg skadedyr. Både for sin egen del og for naboene sin del.*

Medlemmene i representantskapsmøte ble oppfordret til å ta denne problemstillingen opp i arbeidet med utvikling av nye boligområder. Hvordan kan UDU legge til rette for hjemmekompostering i planlegging av nye boligfelt?

Administrasjonen inviterer NGIR til neste møte for å få ei orientering om moglege løysingar.

Aase Sudmann, AP:

- Kvifor kom brevet om tilkomstvegen på Flatøy ut no? Kvifor er tilkomst via kulverten god nok i dette tilfellet? Kva skal padleklubben gjere no? Kva med private rettar – kva handlar det om?

Administrasjonen: I brevet som er gått ut, blir partane invitert til å kome med

tilbakemelding. Det er trafikksikringsomsyn som ligg til grunn.

Karina Garnes Reigstad, MDG:

1. Inngrep i vassdrag er søknadsppliktige. I følge vassressurslova § 5 skal tiltak i vassdrag bli planlagt og utforma slik at dei er 1) til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser, og 2) ikkje utgjøre fare for menneske, miljø eller eigedom. Naturmangfaldlova § 6 gir tilsvarande plikt til aktsemd for å unngå skade på naturmangfaldlova. Har kommunen søkt om løyve til å leggje sidebekker til Mjåtveitelva i røyr? På kva grunnlag har Fylkesmannen godkjent tiltaket i Kloppedalselven?
2. Kva var kommentarane frå Fylkesmannen og NVE etter synfaringa i byrjinga av juni?
3. Mange plassar lang vassdrag er kantvegetasjon fjerna før forbudet om å fjerne kantvegetasjon blei innført, og dyrka jord går heilt ut til elvekanten. Det er rapportert om auka forureining ved fleire stader, særskilt i bekkeløp til Mjåtveitelva. Vil kommunen vurdere å krevje kantvegetasjon som eit tiltak for å hindre avrenning av gjødsel og plantevernmidlar frå beitemarker til vassdrag/bekkeløp?
4. Fylkesmannen har uttrykt uro over at renseparkar ikkje vil fungere optimalt ved lekkasjer. Vil administrasjonen vurdere å innhente en ny vurdering på om renseparken i tilknytning til Mjåtveit næringspark fungerer etter formålet med ein større lekkasje i bunnen av parken?

Administrasjonen kjem tilbake med skriftleg svar til Karina Garnes Reigstad. Punkt 3 er besvart gjennom vedtaket i sak 57.

Asbjørn Larsen, Ap:

- Mange hytter blir brukt som bustad. Mange kvir seg for å stå fram og varsle om tilhøva. Fører administrasjonen tilsyn med dette?

Administrasjonen: Vi er avhengig av å få inn meldingar eller varsel om mogelege ulovlege tilhøve, då følgjer vi dei opp. Det er fullt mogeleg å varsle anonymt.

Tor Oscar Maaseide, FrP:

- Kva må til for at boss som blir plassert utanom dunk, etter avtale med NGIR, skal bli henta av renovatøren?

Utvalseiar: Ta direkte kontakt med NGIR.

Leiv Jan Fosse, Sp:

- Det står lastebil parkert langs vegen på Fosse, det skapar trafikkfarlege situasjonar.

Administrasjonen følgjer opp.

Orienteringssak om utbygging av infrastruktur i nye byggeområde.

Vedlagt notat. Vidare oppfølging i Mjåtveitmarka blir knytt til trafikksikringsplan og skilting.

64/2017: GBNR 54/1 - Klage på dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for utfylling i sjø for etablering av tilkomst, parkering, båtopptrekk og oppføring av naust - Husebø

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 9.5.2017 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjon datert 25.4.2017, sak 44/2017, vert gjort om. Klaga

vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

06.06.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 64/2017 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 9.5.2017 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at dispensasjon datert 25.4.2017, sak 44/2017, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»
